

Kalandseidet 09.02.2014

Til Hordaland Fylkeskommune Kultur og Ressurskomite
5020 Bergen

Protest mot ferjekai i Glevika, Varaldsøy

I kvart prosjekt skal det liggja helse, miljø og sikkerhet i botnen. Det meinar eg vert brote hvis ein legg ferjekaien i Glevika. Det å lytta til stillheten, oppleve alle blomane, oppleve den ^{vakre} nakne skogen, oppleve sjøfuglane – oppleve den finaste vika i Hordaland – og sandbotnen med alle sjeljane i – det er det stor helsegevinst i. Dette miljøet er det så lite inngrep i, og Gammalskogen har har sstor verdi for klimaet.

Sikkerhet

Når det gjeld sikkerhet er det mykje sikrare å fortsetja å ha ferjekaien der han er i dag, og forbedra han.

Ein er også i konflikt med Biomangfaldlova dersom ein legg ferjekaien i Glevika. Der ferjekaien er i dag, er der folk samlast – det er tettstaden vår. For nokre år sidan fekk bygdene pengar til å laga vakre tettstader. Dei fleste som kjem til Varaldsøy trivest ved butikken og den gamle ferjekaien.

I april 2007 var eg på Strandsonekonferanse i Molde. Karl H Brox, journalist i adresseavisen, heldt foredrag om kommunane som strandsoneforvaltarar. Han lærte oss mykje. Ikkje noko land i verda har ei så rik strandsone som Noreg – eit unikt kystland. Det er 1750 kilometer frå Lindesnes til Nordkapp. Kysten rundt er det 2650 kilometer med fjordar og bukter. Tek ein med holmar og skjær har me 80 000 kilometer kystlinje. Kysten består av eit mangfald av naturtypar og biologisk mangfald. Vår kyst er blant dei mest produktive områdene i verda, landskapet er ein fantastisk oppleving året rundt. Heilt opp til vår tid har menneska i stor grad levd i pakt med denne naturen. Det moderne menneskets bruk av kyst og fjordnatur er i ferd med å bli eit problem.

Kyst- og fjordnaturen er ein sårbar natur. Strand- og fjæreområda er ikkje noko unyttig som kan brukast til kva som helst. Kommunen kan vedta reguleringsplanar som set bestemmelsar om byggeforbud i 100-metersfeltet ut av spel.

Hensynet til folk flest er ikkje den viktigaste grunnen til å ha og oppretthalda ein streng lovgivning og langt strengare praksis til bevaring av strandsona. Det viktigaste hensynet er hensynet til naturen sjølv – til dei plantene, dyra og fuglane som lever der og er heilt avhengige av at denne naturen får bestå i tilstrekkeleg framtid.

Det å bevare landets artsmangfald er ei svært langsiktig målsetjing. Det inneber at dei som kjem etter oss skal ha den same mulighet som me har til å oppleve natur, dyr og fuglar. Då kan me ikkje i

illeværslande tempo forbruka dewn naturen desse artane er avhengige av, i eit kortsiktig jag etter økonomisk gevinst.

Me lever i eit land der me vassar i pengar. At entrepenørar og andre gjerne ynskjer å utnytta denne rikdommen er ein ting, men at dei som er sett til å forvalta desse areala på vegne av samfunnet – ikkje berre lokalsamfunnet – er med på denne galaien er høgst betenkeleg. Skal våre barnebarn, oldebarn og tippoldebarn kunne oppleva kystnaturen tilnærma slik den er i dag, må grunnlaget for det leggjast no.

Dette er nokre tankar eg fekk med meg frå foredraget Karl H Brox heldt.

Dagny Fuglø, Natuvernerforbundet i Kvinnherad

Dagny Fuglø